



Arkivnr: 2017/453-7
Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettfordeling nr. 5 -2017**Samandrag**

I budsjettet for 2017 er det løyvd 75 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. Av desse er 44,05 million kroner disponert eller foreslått disponert i tidlegare politiske saker. Vidare går det parallelt med denne saka ei sak om ombygging / rehabilitering av Arna vgs. kor ein rår til å løyve 20 million kroner frå årets løyving til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren.

I denne saka rår ein til at det vert løyvd totalt 2,85 million kroner til 3 prosjekt ved skulane Osterøy vgs, Årstad vgs og Fyllingsdalen vgs.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2017 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 639.020.00	02300	02160	Årstad vgs. - Utbetring etter helsevernrapport	500 000	
10 625.020.00	02300	02161	Osterøy vgs – TIP, Sveiseverkstad	350 000	
10 647.020.00	02300	03237	Fyllingsdalen vgs – Elevtenester (utbetring ventilasjon)	2 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		2 850 000
				2 850 000	2 850 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.08.2017

Årstad vgs. – Utbetring etter helsevernrapport

Helsevernetaten har vært på tilsyn ved skulen, og i samband med dette gjeve fleire pålegg om oppgraderingar. Einskilde pålegg er knytt opp mot den bruken som skjer i dag, slik at for nokre av pålegga vil ein vurderer om aktiviteten kan avsluttast/flyttast til anna del av skulen. Dialogen med helsevernetaten pågår, slik at endeleg løysing og kostnad ikkje er klar. Nokre tiltak må uansett gjennomførast og i denne omgang rår ein til at det vert løyvd 0,5 million kroner til bygningsmessige tiltak.

Fyllingsdalen vgs – Elevtenester

Elevtenesta ved skulen har ikkje tilfredsstillande lokale. I samarbeid med skulen har ein utarbeida ein plan som inneber at det i 1 etasje i del 1 (mot sør), kor der tidlegare var klasserom og nokre kontor, vert gjennomført oppgradering av kontoret til helsesøster, og at ein etablerer nye rom for psykolog, it-avdeling og møterom. Prosjektet vil ha fokus på ventilasjon, varme, tele, lys og It i det aktuelle området.

Det pågår alt eit prosjekt knytt til utbetring av ventilasjon ved skulen. I forhold til framdrift og koordinering er det ei føremøn å sjå desse prosjekta i samanheng. Ein rår til at prosjekta får sams prosjekt nummer. Samla kostnad er kalkulert til 2 million kroner og ein rår til vert løyvd frå inneverande års rammeløyving.

Osterøy vgs – TIP, Sveiseverkstad

Skulen er relativt ny, men likevel opplever ein i dag vesentlege innemiljøproblem. Desse er i hovudsak knytt til forureiningar og støy.

I sveiseverkstaden blir mykje av tida nytta til sveising og sliping. Begge desse aktivitetane fører med seg mykje forureining og støy i lokalet. Eit viktig grep for å hindra spreiding av ureiningar er å avgrensa aktivitetane fysisk og å kapsla inn forureiningane nærast mogleg kjelda. På dette feltet er det eit vesentleg potensiale til forbetring i verkstaden.

Planen er å laga ei separat slipebu og utrusta denne med eit særskilt avtrekk. Avtrekkslufta blir knytt til sveiseavsugget og blir dermed filtrert på ein effektiv og god måte. Filteret tek hand om nær 99,99 % av forureiningane, men ikkje sveisegassane. For å betre dette er planen å koble avkastlufta til eksisterande ventilasjonsaggregat som gjennvinn varme og fører bruklufta ut i det fri.

Støynivået er planlagt redusert ved to tiltak. For det første blir vifta kledd inn med lydfelleplater. Dernest vert kanalnettutrusta med supplerande lydfeller.

Samla kostnad ved tiltaka er kalkulert til kr 350 000,-